

ENDRINGSAGENTAR

Kurset «Endringsagentar» går 2 timar per veke i 12 veker. Deltakarane på kurset er kvinner i miljø kor omskjering er ein del av praksisen.

Kvinnene skil seg ut ved at dei kjenner sine miljø godt og har ei truverdigheit i egne miljø. Dei kan bidra til endring. Samstundes kan også helsepersonell som møter problematikken vere med på endringsagentkurs, og fungere som endringsagentar. T.d helsesøstre.

– Mitt fokus under desse kursa er ikkje å avdekke om omskjering har blitt utført på barna til desse kvinnene, men å førebyggje at omskjering skjer i desse miljøa, seier Chiku Ali som har utvikla kurset. Vi ser dessverre at lovar og reglar ikkje fungerer. Dersom ei kvinne seier «Det er ikkje lov, difor har eg ikkje latt mine døtre bli omskorne. Hadde det vore lov, hadde eg gjort det». Då veit eg at eg har ein jobb å gjere.

– Vi samtalar mykje kring «best practise» på kursa. Vi går til dømes gjennom alle dei etniske gruppene vi har i Noreg, og korleis dei ulike sedane og skikkane er når det gjeld omskjering. Tenkjer dei kultur? Religion? Skjønnheit? Eller kva?

– I tillegg pratar vi om å ha ei holistisk tilnærming. Vi ser på andre skadelege tradisjonar som er til skade for kvinner og barn si helse; tidleg ekteskap, tidleg svangerskap, fleirkoneri, HIV/AIDS, ulike typar kroppsmarker (scarification), vald mot kvinner og barn; her diskuterer ein spørsmål om likestilling, undertrykking av kvinner og barneoppdragelse.

Endringsagentkurs på Voss: – Eg har sjølv blitt omskjert, og har hatt mykje smerter, både psykisk og fysisk, som ein konsekvens av dette. Difor vil eg ikkje at det same skal skje med mi jente! Dette seier Umul, ei ung kvinne frå Somalia. Ho har med seg dottera si Samira på kurs.



T.v: Samira Midten: Umul, Chiku og Samira T.h: Deltakarar på Endringsagentar på Voss. Foto: Sylvia Haukanes

Tema som vert teke opp på «Endringsagentar»:

- » Fordjuping i praksis for å avskaffe myter og andre misforståingar kring temaet.
- » Omskjering som helseskadeleg tradisjon.
- » Arbeidet som vert gjort i Afrika for å stoppe omskjering.
- » Gjennomgang av ulike metodar for å førebyggje/stoppe omskjering som har vore i bruk; kva er verksamt?
- » Gjennomgang av ulike «best practise».
- » I Noreg fins ulike grupper med ulik forståing av omskjering; drøfting av situasjonen i Noreg. Eit tema er frivillig underlivsundersøking.
- » Arbeide med å forstå at dette temaet er kulturelt sensitivt.
- » Utvikle aktiv deltakarmetode.
- » Identifisering av eigarskap av problemstillinga, dvs. arbeide med omgrepet «Empowerment» til målgruppene.



Illustrasjonsfoto: Pixabay.com

“ Vi treng å auke kunnskapen og bidra til haldningsendring blant dei råka gruppene for å førebyggje at omskjering skjer.

Chiku Ali

Interessert?

Kontakt Chiku Ali på ahmed.chiku.mkalu@helse-bergen.no

 Les meir om oss på www.rvtsvest.no Følg oss:   